

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.03.2025

Vår ref.: 202503336-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for å byggje Nye Tussa kraftverk i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Tussa Energi AS om vurdering av konsesjonsplikt for å byggje Nye Tussa kraftverk. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 02.05.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt blir derfor berre send på høyring til Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, DNT Sunnmøre, Naturvernforbundet i Ørsta og Volda, Bjørke Idrettslag, Skjåstaddalen Ungdomslag, Bjørke Grendalag og Austefjord og Bjørke Bondelag.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein førespurnad frå Tussa Energi AS, datert 29.01.2025, om vurdering av konsesjonsplikt for å byggje Nye Tussa kraftverk. Dagens kraftverk er over 60 år gammalt og står overfor omfattande vedlikehaldsarbeid i tida framover. Tussa Energi AS ønskjer difor å oppgradere eksisterande Tussa kraftverk ved å bygge eit nytt kraftverk (Nye Tussa kraftverk). Tiltaket vil auke installert effekt frå dagens 56 MW til 150 MW. Det er planlagt å halde eksisterande kraftverk i drift inntil vidare. Ifølgje søkjar vil ikkje det nye kraftverket gi endringar i vassføringar i elvestrengar, men start-stopp-køyring kan gi ein endring i magasinfyllingsmønsteret i Tyssevatnet. Høgaste og lågaste regulerte vasstand i vatnet vil ikkje verte endra.

Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9588/V.

Førespurnaden skal behandlast etter vassdragsreguleringslova § 4 og vurderast etter § 3 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassdragsreguleringslova.

Kva vi ønskjer fråsegn om



NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9588/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202503336 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemrd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202503336 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemrd)

Frist for å sende fråsegn er

02.05.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Malin Solheim Olsen
Førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
DNT SUNNMØRE



Naturvernforbundet i Ørsta og Volda
VOLDA KOMMUNE
BJØRKE IDRETTSLAG
SKJÅSTADDALEN FRILYNDE UNGDOMSLAG
BJØRKE GRENDALAG
Austefjord og Bjørke Bondelag

Kopimottakarliste:

Arild Høydal
TUSSA ENERGI AS